



Vinje kommune



Studentmelding 2018 - 2021

Plan for utvikling av Rauland som studiestad og Vinje som vertskommune

Innleiing

Vinje har gjennom mange år vore vertskommune for høgare utdanning, utan at ein har meisla ut ein politikk på korleis ei slik vertskapsrolle skulle handterast. Både fusjonen mellom utdanningsinstitusjonane i Buskerud, Telemark og Vestfold, samt endra organisering og auka vektlegging av regional forankring og profil etter fusjonen, har medført ei breiare kontaktflate både mot høgskulens overordna leiing, instituttleiar ved Campus Rauland og campusleiar for studentdemokratiet. Den nye universitetsstatusen, med von om auke av tal studentar - også frå utlandet, inneber at Vinje kommune blir stilt overfor nye forventingar og krav, men også moglegheiter.

Vidare har ein starta to forskingsprosjekt der mellom anna AIR, USN og kommunen deltek; *Helsefremmande samarbeid for å styrke arbeidsdeltaking og VIS – Veiledning, Integrering og Samskaping*. Kommunen ser fram mot å vidareutvikle denne typen samarbeid for å utvikle tenestene og bygge kompetanse i kommuneorganisasjonen.

USN og kommunen ser også nærare på ulike område der kommunens utgreiingsbehov, og USN sine ønskje om styrke studiestaden og initiere nye studieretningar, kan kombinerast. Dette kan vere aktuelt gjennom samfinansiering av PhD¹.

Universitetet og studentane er viktige for den vidare utviklinga av Rauland og Vinje. Det er difor viktig at Vinje kommune set fokus på korleis ein skal planlegge og legge til rette for utvikling av Rauland som universitets- og studentbygd. Kva ambisjonar skal Vinje ha som vertskommune for studentane? Kva er dei viktigaste innsatsområda? Kva for strategiar eller tiltak bør ein prioritere for å stimulere ønskt utvikling?

I denne meldinga tek ein sikte på å løfte fram dei problemstillingar som har kome fram i dialog med instituttleiar og dei tilbakemeldingar kommunen har fått frå studentane om kva som bør gjerast for å gjere Vinje og Rauland til ei attraktiv universitetsbygd med kvalitetar og tilbod som gjer at studentar trivst og blir ein synleg del av lokalsamfunnet.

¹ Blir gjeve til dei som får akseptert doktorgraden etter eit treårig doktorgradsløp (ofte over fire år kombinert med 25% andre oppgåver) ved ein høgare utdanningsinstitusjon.

Hovudfokus

Meldinga fokuserer særleg på følgjande tema:

Helse	Særleg om psykisk helse, helse- og omsorgs-tenester som skulehelsetenesta og legetenesta.
Å bu permanent: deltaking i lokalsamfunnet	Studentane ønskjer å kome tettare på einskilde kommunale tenester. Det er ønskjeleg å invitere dei til å bli innbyggjarar i Vinje for på den måten bidra både innan lokalpolitikk, frivillig arbeid og finansiering av kommunale tenester.
Kommunikasjon og omdømme	Utadretta informasjon til studentar frå kommunen.

Helse

Status i Noreg

SHoT 2014 er Noregs største studentundersøking. Ho er bestilt av studentsamskipnadene i Bergen, Oslo og Trondheim, der 13663 studentar responderte. Dette dokumentet gjev også Vinje kommune eit kunnskapsunderlag om korleis «våre studentar» kan ha det.

I SHoT 2014 rapporterte kvar femte student alvorlege psykiske symptomplagar.

Alvorlege psykiske symptomplagar kan vere:

- hovudpine
- skjelving
- mattheit eller svimmelheit
- nervøsitet/indre uro
- plutselig frykt utan grunn
- stadig redd eller engsteleg
- hjartebank/hjartslag som spring av garde
- kjensle av å vere nervøs/oppjaga
- anfall av angst eller panikk
- så rastlaus at det er vanskeleg å sitje stille
- mangel på energi/alt går langsamare enn vanleg
- lett for å klandre deg sjølv
- lett for å grine
- tankar om å ta sitt eige liv
- dårleg matlyst
- søvnproblem
- kjensle av håplause med tanke på framtida
- nedtrykt/tungsindig
- kjensle av einsemd
- tap av seksuell lyst og interesse
- kjensle av å vere lurte i ei felle eller fanga
- mykje bekymra eller uroleg
- utan interesse for noko
- kjensle av at alt er eit slit
- kjensle av å vere unyttig

Ved Campus Rauland har studentsamskipnaden tilbod om samtale med studentrådgjevar. Denne har bakgrunn som sosionom. Rauland delar funksjonen med USN Bø. Arbeidet til studentrådgjevar er ut frå SHoT 2014 sitt fokus på studentar si psykiske og fysiske helse. Studentar søker rådgjevaren om hjelp i personlege relaterte utfordringar som ulike psykiske symptomplagar, graviditet og rus, samt økonomi. Ein får tilbod om individuelle samtalar,

retteiing og kontakt med hjelpeapparatet. Det kommunale hjelpeapparatet kan mobiliserast ved behov.

Å bu permanent: deltaking i lokalsamfunnet

Vinje kommune ønskjer å vere eit regionsenter i øvre Telemark. Ein nyskapande kommune og ein god plass å bu, med gode tenestetilbod til sine innbyggjarar - både unge, eldre og studentar. For å sikre dette er kommunen avhengig av statlege midlar, noko kommunen får for kvar folkeregistrert innbyggjar i Vinje. Innbyggjartilskotet for 2019 blir omlag kr 24 438,-.

Kommunen bør difor sjå på tiltak for å motivere studentar til å melde flytting til Vinje kommune, slik at vi kan gje studentane enda betre tenester under heile studietida. Ei slik kampanje kan køyrast kvart år i tidsrommet 1. august – 1. november, slik at eventuelle studentar kjem med på teljedato 1. januar påfølgjande år.

Studentar som melder flytting til Vinje i kampanjeperioden får eit gavekort til kjøp av sykkel og hjelm på kr 7 000,-. Kriterier for å få tilskot er:

- Du må vere student og kunne legge fram gyldig studentbevis
- Du må ha meldt flytting frå ein annan kommune til Vinje kommune etter 1. august det aktuelle året, og må kunne legge fram flyttemelding frå Skatteetaten om ny adresse i Vinje kommune
- Du forpliktar deg til å ha bustadadresse i Vinje kommune under heile studietida
- Registreringsfrist: 1. november det aktuelle året.

I tillegg til å betre rammene for økonomisk tenesteyting vil studentane lettare kunne engasjere seg lokalpolitisk, samt ha stemmerett i Vinje.

Frivillig arbeid er eit anna område som det hadde vore gunstig å fått ei tettare tilknytning mellom studentar og lokalsamfunn på. Kommunen skal også gjere undersøkingar om det er mogleg å få til studentpris på ulike fritidstilbod og aktivitetar.

Kommunikasjon og omdømme

I dialogen med studentrepresentanten har det kome fram ønskje om lettare tilgjengeleg informasjon om vertskommunen og kommunale tenester. Målsetjinga bør vere å få til ein betre praksis allereie frå skuleåret 18/19.

Aktuelle tiltak:

- Informasjon frå kommuneleiinga i samband med opninga av skuleåret
- Eigen informasjonsside på norsk og engelsk på kommunens heimeside – menyval «Student i Rauland»
- «Vinjesafari», bli kjent med Vinje - 1 dags busstur med guide gjennom i kommunen. Kommunen stiller med buss og guide, samt at studentane blir påspandert lunsj.